

# Arealstrategiar i kommuneplanens samfunnsdel

## Statsforvaltarane og fylkeskommunane sine erfaringar

### - kommuneplanstatus Møre og Romsdal

KS-FoU / Asplan Viak Webinar 29.09.2022

Arealstrategier i kommuneplanens samfunnsdel

Sveinung Parr Dimmen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



28.09.2022



# Kommuneplanstatus Møre og Romsdal 2022

## - med søkelys på kommuneplanens samfunnsdel som lokalpolitisk styringsverktøy

**Statsforvaltaren har gjennom planperioden 2019 – 2023 prioritert tett oppfølging av det strategiske kommuneplanarbeidet**

- Viktig at kommunane får på plass eit velfungerande plansystem med oppdaterte kommuneplanar
  - løpande plansaksbehandling og planrettelegg + Kommunedialog, Kommunebilde, Politkaropplæring, Forventningsbrev...

**Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023 understrekar at FNs 17 berekraftmåla, som Norge har slutta seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga**

- FN17 retningsgivande for kommunane sitt planstrategiarbeid med føringar for vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel, basert på
  - eit oppdatert kunnskapsgrunnlag
  - handlingsdel som følger budsjett- og økonomiplanarbeidet
  - ein overordna arealstrategi med viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.
  - grunnlag for utdjuping av delmål og prioriterte satsingsområde gjennom utarbeiding av kommunedelplanar, temaplanar og overordna strategiar


**25 av dei 26 kommunane i vårt fylke har utarbeidd utkast til planstrategi for perioden 2019 – 2023**

- Arbeidet med kommunal planstrategi og planprogram for KP samfunnsdel vil kunne leggest opp som parallele prosessar.

**I løpet av inneverande plan-/k-styreperiode (2019 – 2023) har 22 av våre 26 kommunar gjort vedtak om - og/eller fått utarbeidd utkast til ny/oppdatert samfunnsplan**

- Dersom KP samfunnsdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik PBL legg til grunn, stiller dette krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtatt tidleg i perioden.


# Kommunal planstrategi som utgangspunkt for eit velfungerande plansystem med oppdaterte kommuneplanar



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.



	KOMMUNAL PLANSTRATEGI
<b>Lovhjemmel</b>	<a href="#">§ 10-1</a>
<b>Formål</b>	Politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden, og om kommuneplanen helt eller delvis skal revideres
<b>Innholdskrav</b>	Vedtak om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, og et underlag som viser forutsetningene for vurderingen av planbehovet
<b>Prosess</b>	Skal innhentes synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres kjent i minst 30 dager før kommunestyrets behandling.
<b>Vedtak</b>	Kommunestyret.
<b>Tidspunkt for vedtak</b>	Innen ett år etter konstituering av kommunestyret og minst en gang i valgperioden.
<b>Virkning</b>	Retningsgivende for kommunens prioritering av planarbeid




Figur 1: Kommuneplanprosessen.


## Plansamarbeidet på Nordmøre

- 2019-2022, skjønnsmidler fra statsforvalteren
- Mål: Kommunene på Nordmøre er samordnet i sine satsinger og prioriteringer for samfunnsutvikling, med kompetente fagmiljøer, handlekraftige politikere og et innovativt, effektivt plan- og styringssystem
- Utvikle regionens kapasitet og kompetanse innen samfunnsplanlegging
- Behov for å styrke det samlede fagmiljøet gjennom fagnettverk
- Behov for innovasjon innen fagområdet for økt effektivitet og høyere kvalitet på planarbeidet


## Sammenhengene og arbeidsdelingen i det kommunale plansystemet



## Performance to Benchmarks – Key Performance Indicators Dimensions, Categories & KPIs



## TIDSUTFORDRINGEN



Illustrasjon: Asplan Viak FoU storbyenes samfunnsplanlegging





### Status vedtaksår for gjeldende Kommuneplan

- Ingen markering/farge for plan vedtatt før 2011
- Markering brunt for plan vedtatt 2011 - 2015
- Markering grønt for plan vedtatt 2016 - 2019
- Markering gult for rulleringsarbeid igangsatt

\* MR fylkeskommune; Regional planstrategi 2016 – 2020

\*\* KP arealdel med seinare oppdatert k-delplan for sentrumsområde

Planstatistikk SFMR v. 31.12.2019

Status for vedtak av Kommuneplan (samfunns- og arealdel) - kommuneoversikt




Kommune	Status gjeldende K-plan; vedtak pr.31.12.2019	
	Samfunnsdel	Arealdel
Aukra	2019	2017
Aure	2008	2017
Averøy	2015	2017
Eide	2005	2005
Fræna	2005	2014
Giske	2014	2018
Gjemnes	2003	2019
Halsa	2012	1998
Haram	2007	1999
Hareid	2006	2012
Herøy	2013	2014
Kristiansund	2017	2011
Midsund	2011	1997
Molde	2016	2016
Neset	2012	2012
Norrdal	2007	2011
Rauma	2018	**2003
Sande	2009	2015
Sandøy	2011	2015
Skodje	2016	2019
Smøla	2007	2008
Stordal	2014	2003
Stranda	2019	1992
Sula	2011	2015
Sunnadal	2014	2019
Surnadal	2014	2017
Sykkylven	2011	2013
Tingvoll	2014	2015
Ulstein	2017	2019
Vanylven	2009	2014
Vestnes	2015	2015
Volda	2016	**1990
Ørskog	2007	2006
Ørsta	2012	**1991
Ålesund	2016	2017
*MR fylkeskommune	Fylkesplan 2017 - 2020	



# Nye kommunar i Møre og Romsdal

## Frå 36 til 26 kommunar i 2020

- **Ålesund** (Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy og Ålesund)
- **Molde** (Midsund, Nesset og Molde)
- **Hustadvika** (Eide og Fræna)
- **Volda** (Hornindal og Volda)
- **Fjord** (Norddal og Stordal)



# Status KP samfunns- og arealdel

	Ny K-plan vedtatt i planperioden 2019 – 2023
	Oppstart/planprogram KP samfunns-/arealdel
	Tidlegare vedtatt KP samfunnsdel (før 2019) blir vidareført (-ingen varsel om ny rullering)

## Merk:

Ingen av dei fem nye samanslåtte kommunane har så langt utarbeidd utkast til ny KP arealdel.

Tidlegare vedtatt KP arealdel for dei «gamle» kommunane blir vidareført som k-delplanar

## Styringsdokument: Tildelingsbrev 2022

### 3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene


Styringsparametere	Resultatmål
3.1.1.3.1 Omfanget av kommuner som har oppdaterte overordnede planer	Alle statsforvaltere   KDD   Areal, by og samfunn  3.1.1.3.1.1 Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer  <b>Hjelpetekst</b> Statsforvalteren skal i 2022 være en pådriver, spesielt overfor kommuner som ikke har tilstrekkelig oppdaterte planer, til å utarbeide dette. SF bes rapportere på: <ul style="list-style-type: none"> <li>om kommuner har tilstrekkelig oppdaterte overordnede planer, både kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel (med bruk av skala: i liten grad, i middels grad, i betydelig grad) og en kort begrunnelse</li> </ul>

## Status KP samfunns- og arealdel – kommuneoversikt pr. 01.07.2022



Kommune	KP samf status pr. 1.juli 2022	KP areal status pr. 1.juli 2022
Aukra	2019	2017
Aure	2020	2017
Averøy	2020	2017
Fjord*	2021	X
Giske	2022	2018
Gjemnes	2020	2019
Hareid	2006/2021	2021
Herøy	2021	2014
Hustadvika*	2020	X
Kristiansund	2020	2019
Molde*	2020	X
Rauma	2018	2003
Sande	2022	2015
Smøla	2020	2020
Stranda	2019	2020
Sula	2014	2015
Sunddal	2020	2019
Surnadal	2020	2017
Sykkylven	2011/2021	2013
Tingvoll	2020	2015
Ulstein	2017	2019
Vanylven	2022	2022
Vestnes	2015/2021	2015/2021
Volda*	2022	X
Ørsta	2012	1991
Ålesund	2020	X

# Eksempel: Volda kommune







## Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2034

Volda kommune

Høyringsutkast 27.06.2022

### 1.2 Innhald og navigering

#### Oversikt over dei ulike kapitla i planen:

1. **Forord og innleiing** - forord, innhald og tips til navigering
2. **Rammer og føringar** - oversikt over sentrale nasjonale, regionale og lokale rammer og føringar
3. **Prosess og medverknad** - planprogram, organisering av arbeidet og resultat frå gjennomførte medverknadsprosessar
4. **Utviklingstrekk** - tal og statistikk, utdrag frå kunnskapsgrunnlaga og oversikt over sentrale utviklingstrekk
5. **Satsingsområde** - planen sine fire satsingsområde med hovudmål og delmål, som skal ha ekstra merksemd og ressursar i planperioden
6. **Indikatorar** - for å kunne følgje med på om utviklinga går i ynskja retning
7. **Arealstrategiar** - som skal bidra til at måla i samfunnsdelen vert følgd opp i arealdelen
8. **Oppfylgning og strategiar for å lukkast** - om korleis målsettingane skal følgjast opp i andre planar, og strategiar for korleis ein skal jobbe for å lukkast

## 7 Arealstrategiar

Dei overordna arealstrategiane følgjer opp målsettingane i samfunnsdelen og gir føringar for kommunen sin arealbruk i eit langsiktig perspektiv. Planlegging og utbygging skal legge vekt på utvikling av kompakte lokalsamfunn, og legge til rette for aktive og sosiale kvardagsliv. Transportplanlegginga skal prioritere mobilitet til fots, sykkel og med kollektivtransport. Dette vil imøtekomme målsettingar om å redusere klimagassutslepp, og bidra til eit meir aktivt, inkluderande og aldersvenleg samfunn. Samtidig som samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vil redusere transportbehovet, vil det også redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde. Dette er viktig for å sikre viktige landbruks-, natur- og friluftslivsområde. Strategiar for lokalisering av arbeidsplassar, bustadar, reiseliv og næringsareal vil bidra til å styrke den regionale posisjonen og bygge opp om kommunen som ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion. Arealstrategiane skal leggast til grunn ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel og framtidige forslag om regulering og utbygging.

#### Hovudsenter

- Volda sentrum skal ha funksjon som hovudsenteret i kommunen, og prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsentrum med urbane kvalitetar. Hovudsenteret skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Offentlege regionale funksjonar skal lokaliserast til indre og midtre sentrumssone.
- Detaljhandel, hotell, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemdar skal i hovudsak lokaliserast til indre sentrumssone.

#### Lokalsentre

- Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus er lokalsentre. Lokalsentra skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda tettstad skal lokaliserast til lokalsentra.
- Mork-Furene skal ha funksjon som regionalt knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer.





## Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034



### Fortetting

- Vi skal prioritere fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen og eksisterande utbyggingsområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
- Fortettingsprosjekt i Volda sentrum skal legge høg vekt på estetisk og arkitektonisk kvalitet, bidra til aktive gaterom og ha høg kvalitet på felles uteområde.

### Bustadområde

- Vi skal sikre mangfald og variasjon i bustadtilbodet, ta i vare bustadsosiale omsyn og legge vekt på god bukvalitet, inkludert gode felles uteopphaldsareal, møte- og leikeplassar i buområda.

### Offentlege og regionale funksjonar

- Vi skal sikre areal til vidareutvikling og nyetableringar av offentlege og regionale funksjonar.
- Vi skal sikre tilstrekkeleg areal for barnehagar og skular, inkludert gode uteareal.
- Vi skal sikre universell utforming i alle offentlege bygg og uterom.

### Næringsareal

- Volda kommune skal ha tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal vere knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.
- Områder avsett til næring skal ha høg arealutnytting.

### Møteplassar

- Offentlege uterom, torg, møteplassar og rekreasjonsareal i sentrumsområda, bustadområda og på forretnings-/næringsområda skal fremme aktivitet og deltaking, vere tilgjengeleg for alle og utviklast med høg kvalitet og variert innhald.

### Natur- og friluftsområde

- Vi skal sikre og utvikle viktige natur- og friluftslivsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Vi skal ta i vare verdifulle naturtyper og biologisk mangfald.
- Ålmenta si moglegheit for ferdsel og aktivitetar langs fjorden og blågrøne strukturar frå fjord til fjell skal sikrast og styrkast.

## Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

### Reiseliv og kulturmiljø

- Vi skal sikre areal til og vidareutvikle overnattingsstilbodet i Volda sentrum, Grodås og Bjørke og legge til rette for hytte- og småskala reiselivsbygging i heile kommunen.
- I Hjørundfjorden skal turisme, natur- og friluftsvardiar prioriterast.
- Vi skal sikre viktige kulturmiljø og kulturminne, inkludert verdifulle setremiljø.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde eller verdifulle setremiljø.

### Transport og infrastruktur

- Vi skal sikre og prioritere gode, samanhengande og trygge gang- og sykkelvegforbindelsar spesielt i tettstadene og lokalsentra. Snarveggar skal ikkje sperrast eller innsnevrast. I Volda sentrum skal mjuke trafikantar prioriterast framfor gods- og personbiltrafikk.
- Vi skal utvikle gode koplingar mellom høgskuleområdet og andre funksjonar i Volda sentrum.
- Vi skal utvikle Volda sentrum, Furene og Grodås som regionale kollektivknutepunkt og styrke tettstadene, lokalsentra og bygdene med betre kollektivtilbod.
- Vi skal sikre moglegheit for ladepunkt ved offentlege bygningar, i sentrum og i lokalsentra.
- Vi skal sikre trygge og gode kommunikasjonar i regionen og heile kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Det skal leggst til rette for fiber/breiband og telekommunikasjon i heile kommunen.

### Arealbruk

- Vi skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk.
- Vi skal ta i vare dyrka og dyrkbar mark. Omdisponering av dyrka mark skal vere minst mogleg. Omdisponert dyrka eller dyrkbar mark skal ha høg utnyttingsgrad. I perioda 2022-2034 kan maksimalt 15 daa dyrka mark omdisponerast etter jordlova frå LNF til bustad, fritidsbustad, næring, samferdsel eller andre formål som setter landbruket til side.
- Vi skal vere ein arealnøytral kommune. Det vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må kommunen først ta ut gamle, avsette, men nyttja utbyggingsareal.

### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

- Institusjonar med krav til uttrykkingstid skal ikkje plasserast utanfor tettstadene.
- Utsett bebyggelse og transportinfrastruktur skal sikrast mot flaum, ras, skred, havnivåstigning og andre uønska hendingar. Nye utbyggingsområde skal lokalisert og utviklast slik at dei er tilpassa konsekvensar av klimaendringane og sikra mot uønska hendingar.
- Vi skal ta i vare samanhengande blågrøne strukturar, sikre flaumveggar, vurdere å opne lukka vassveggar og handtere overflatevatn lokalt.
- Vi skal satse sterkare på naturbaserte løysingar for klimatilpassing.

## 8 Oppfylging og strategi for å lukkast

### 8.1 Oppfylging av kommuneplanen

Prioriterte satsingsområde og målsettingar i samfunnsdelen skal fylgjast opp og konkretiserast "nedover" i plansystemet; i kommunedelplanar, temaplanar og anna planarbeid, til konkrete tiltak i økonomiplan og budsjett. Arealstrategiane skal leggst til grunn for all arealplanlegging i kommunen. Indikatorane og måltal for kvar enkelt indikator skal takast inn og synleggjerast i økonomiplanen, og ei vurdering av om utviklinga går i ynskja retning skal fylgjast opp i den årlege økonomiplanprosessen. Ved å synleggjere kommuneplanen sin samfunnsdel i anna planarbeid forsterkar ein "den rauda tråden", og sikrar faktisk oppfylging av samfunnsdelen som kommunen sitt overordna politiske styringsdokument.